

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 07.12.2005
 Sakbehandlar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 31. OKTOBER 2005

Styresak 113/05 B

Styremøte 14.12.2005

Bakgrunn

Økonomirapporten er utarbeidd med basis i helseføretaka si rapportering til Helse Vest pr. 31. oktober 2005.

I omgrupperingsproposisjonen (st.prp. nr 12 (2005-2006)) er det løyva kr 200 mill totalt som følgje av at kodeveksten i 2005 ligg an til å bli 1 % lågare enn føresett i statsbudsjettet. For Helse Vest utgjer dette kr 38,9 mill i auka ISF refusjon. Dette inneber at prisen til helseføretaka for 2005 vil bli justert opp med kr 307,- til kr 31.021,-. Endeleg budsjettkonsekvens av indeksanalysen for 2005 vil på vanlig måte bli handtert i endeleg avrekning. Helse Bergen har allereie føresett ein inntektsauke på kr 27 mill som følgje av lågare kodevekst, men vil som følgje av ovannemnde tilleggsløyving få om lag kr 16 mill i auka ISF inntekt. Dette betyr at det resultateffekten for føretaksgruppa i høve til tidlegare prognoser for året vil være ca kr 12 mill.

Kommentarar

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Økonomirapportering pr. OKTOBER 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT OKTOBER						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-41,9	-33,1	-8,8	70,8	28,9	-72,1	101,0
Helse Fonna HF	-78,6	-42,8	-35,8	61,7	-16,9	-40,5	23,6
Helse Bergen HF	-253,2	-220,0	-33,2	181,4	-71,8	-235,7	163,9
Helse Førde HF	-81,6	-33,9	-47,7	56,7	-24,9	-33,7	8,8
Apoteka Vest HF	-0,8	-0,4	-0,5		-0,8	0,5	-1,3
Helse Vest IKT	2,2	0,5	1,8	0,0	2,2	0,0	2,2
Kjøp av helsetenester	43,9	68,9	-25,0		43,9	50,5	-6,6
Helse Vest RHF	-38,4	-53,6	15,2		-38,4	-32,0	-6,4
Sum føretaksgruppa	-448,5	-314,4	-134,1	370,5	-78,0	-363,0	285,0

Pr. oktober har føretaksgruppa eit samla negativt resultatavvik på kr 134,1 mill i forhold til budsjett. Det største negative resultatavviket finn vi i Helse Førde med kr 47,7 mill. Deretter følgjer Helse Fonna (kr 35,8 mill), Helse Bergen (kr 33,2 mill) og Helse Stavanger (kr 8,8 mill). Apoteka Vest melder no om eit negativt avvik på kr 0,5 mill medan Helse Vest IKT rapporterer eit positivt avvik på kr 1,7 mill. Innan kjøp av helsetenester er det eit negativt avvik på kr 25 mill medan Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik på kr 15,2 mill.

Prognose

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-80,5	-65,5	-194,3	-15,0	113,8
Helse Fonna HF	-87,4	-62,1	-98,8	-25,3	11,4
Helse Bergen HF	-322,4	-302,4	-495,3	-20,0	172,9
Helse Førde HF	-103,0	-81,6	-109,8	-21,4	6,8
Apoteka Vest HF	-3,0	0,0	-2,3	-3,0	-0,7
Helse Vest IKT	0,3	0,3		0,0	0,3
Kjøp av helsetenester	82,5	82,5	58,0	0,0	24,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-578,7	-494,0	-886,1	-84,7	307,4
Meiravskrivingar	355,0	355,0	354		1,0
Meiravskrivingar invest. 02-05	91,0	91,0			
Resultat justert for meiravskr.	-132,7	-48,0	-532,1	-84,7	399,4

Pr. oktober rapporterer Helse Stavanger ein resultatprognose som viser eit negativt avvik på kr 15 mill. Dette er ei forbetring i høve til førre månad med kr 11,3 mill. Med resultatutviklinga pr oktober bak seg kor resultatavviket er på kr 8 mill har Helse Stavanger no ein reell muligheit til å nærme seg budsjettbalanse. Innarbeiding av 1% høgare ISF pris vil være med å styrke denne muligheita.

Helse Fonna rapporterer ein resultatprognose som er kr 25,3 mill dårlegare enn budsjettet. Med eit negativt resultatavvik pr. oktober på kr 35,8 mill kan det verte vanskeleg å nå denne prognosen. Auka ISF pris på 1 % vil være med å styrke muligheita for å nå denne resultatprognosen.

Helse Bergen har no forverra sin resultatprognose for året og viser no eit negativt resultatavvik på kr 20 mill. Helse Bergen har i tidlegare prognose føresett at manglande kodevekst på kr 27 mill vert kompensert gjennom høgare pris. Kompenasjon for manglande kodevekst vil utgjere om lag kr 16 mill for 2005. I tillegg er effekten av etterslep knytt til nye takstar lab/røntgen verksemt innarbeid. Dette utgjør om lag kr 10 mill i 2005.

Helse Førde sin resultatprognose for året er uforandra i forhold til førre månad. Utfordringa med å nå resultatet har blitt større då resultatavviket har auka frå kr 37,4 mill i september til kr 47,7 mill akkumulert pr. oktober. Hovudårsaka til at Helse Førde ikkje når budsjettet er at ein ikkje har komen tidleg nok i gang med tiltaka som var innarbeida i budsjett. I tillegg er det eit negativt avvik knytt til sjuketransport m.m.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

OKTOBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	211 089	8,7 %	195 587	8,2 %	168 616	8,6 %	253 787	233 556	20 231
ISF	842 544	34,6 %	834 217	34,9 %	447 200	22,9 %	1 015 744	1 005 705	10 039
Rammetilskot	1 299 340	53,3 %	1 294 951	54,1 %	1 274 614	65,3 %	1 566 451	1 556 978	9 473
Andre inntekter	82 942	3,4 %	68 134	2,8 %	60 783	3,1 %	100 193	82 325	17 868
Sum driftsinntekter	2 435 915	100,0 %	2 392 889	100,0 %	1 951 213	100,0 %	2 936 175	2 878 564	57 611
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	294 754	12,1 %	274 174	11,5 %	242 797	12,4 %	361 213	336 320	24 893
Løns- og personalkostnader	1 696 391	69,6 %	1 680 385	70,2 %	1 456 714	74,7 %	2 060 097	2 040 556	19 541
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	412 408	16,9 %	397 628	16,6 %	322 156	16,5 %	506 563	478 600	27 963
Sum driftsutgifter	2 403 553	98,7 %	2 352 187	98,3 %	2 021 667	103,6 %	2 927 873	2 855 476	72 397
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	32 362	1,3 %	40 702	1,7 %	-70 454	0	8 302	23 088	-14 786
Netto finans	-3 469		-3 000		-1 646		-3 814	-3 600	-214
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	28 893		37 702		-72 100	0	4 488	19 488	-15 000
- Meiravskrivning	70 833		70 833		70 833		85 000	85 000	0
Resultat	-41 940	0	-33 131	0	-142 933	0	-80 512	-65 512	-15 000

Helse Stavanger har pr. oktober eit negativt resultatavvik på kr 8,8 mill. Dette er ei forverring på kr 5,6 mill samanlikna mot førre månad.

Inntektene viser samla sett eit positivt avvik på kr 43 mill. ISF inntektene ligg kr 8,3 mill høgare enn budsjett og skuldast inntektsføring av ISF oppgjeret frå 2004. Polikliniske inntekter ligg og godt over budsjett med kr 15,5 mill. Det har vore høg aktivitet innan poliklinisk verksemd. Deler av avviket skuldast og at det i budsjettet var føresett takstreduksjon lab/røntgenverksemd frå 1/5-05 medan takstreduksjonen blir innført 1/9-05. Dette medfører at ein større del av inntektene kjem som poliklinisk inntekt og mindre som rammetilskot.

På kostnadssida er det eit samla negativt budsjettavvik på kr 51,4 mill. Det er særleg innan varekjøp og variabel løn at dei store avvika ligg. Samla avvik på varekostnad utgjer kr 20,6 mill og hovuddelen av dette avviket skuldast at 2 av klinikkane ikkje har klart å gjennomføre innsparingstiltaka som vart føresett i budsjettet.

Innan lønsområdet er det eit negativt avvik på kr 16 mill. I dette avviket er det negative avvik knytt til overtid, ekstravakter, engasjementstillingar og periodisering av løn på kr 33,7 mill. Dette må sjåast mot positive avvik innan fastløn, pensjon og andre personalkostnader på til saman kr 17,7 mill.

Andre driftskostnader viser eit negativt avvik på kr 14,8 mill. I dette avviket ligg det inne kr 10,1 mill som skuldast høgare avskrivningar og kr 4,7 mill til andre driftskostnader.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	34 673	35 875	-1 202	33 895	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	23 531	23 771	-240	21 897	28 906	28 906	0
DRG-poeng	45 134	45 396	-262	42 364	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	152 898	148 163	4 735	144 182	184 362	180 000	4 362
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	77 287	88 825	-11 538	87 003	93 031	106 590	-13 559
Opphaldsdagar, dagpasientar	11 525	17 000	-5 475	22 770	14 519	20 400	-5 881
Pol. konsultasjonar	59 133	49 621	9 512	43 085	69 373	59 545	9 828

DRG produksjonen er pr. oktober 0,6 % lågare enn budsjett men heile 6,5 % høgare enn i fjor. Innan poliklinikk er det høg aktivitet og denne ligg no 3,2 % over planen for somatikk. Innan psykiatri er det lågare produksjon på døgnbehandling og dagbehandling medan all vekst i forhold til opptrappingsplan er lagt inn på poliklinikk som viser eit positivt avvik i forhold til plan på 19 % og heile 37 % i forhold til i fjor.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

OKTOBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	90 761	6,8 %	88 417	6,6 %	78 397	6,9 %	108 500	106 175	2 325
ISF	430 158	32,0 %	442 200	32,8 %	235 078	20,8 %	526 231	534 270	-8 039
Rammetilskot	777 574	57,9 %	777 202	57,7 %	779 758	68,9 %	942 263	941 913	350
Andre inntekter	45 335	3,4 %	40 043	3,0 %	38 609	3,4 %	55 075	49 400	5 675
Sum driftsinntekter	1 343 828	100,0 %	1 347 862	100,0 %	1 131 842	100,0 %	1 632 069	1 631 758	311
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	140 787	10,5 %	131 364	9,7 %	119 158	10,5 %	170 695	158 999	11 696
Løns- og personalkostnader	976 258	72,6 %	952 119	70,6 %	844 623	74,6 %	1 182 318	1 158 801	23 517
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	243 125	18,1 %	244 687	18,2 %	209 219	18,5 %	291 462	301 052	-9 590
Sum driftsutgifter	1 360 170	101,2 %	1 328 170	98,5 %	1 173 000	103,6 %	1 644 475	1 618 852	25 623
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-16 342	-1,2 %	19 692	1,5 %	-41 158	-3,6 %	-12 406	12 906	-25 312
Netto finans	-585		-800		658		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-16 927		18 892		-40 500	0	-13 406	11 906	-25 312
- Meiravskrivning	61 670		61 670		61 670		74 000	74 000	0
Resultat	-78 597	0	-42 778	0	-102 170	0	-87 406	-62 094	-25 312

Helse Fonna har pr. oktober eit negativt resultatavvik samanlikna med budsjett på kr 35,8 mill. Samanlikna med forrige månad er dette ei forverring på kr 1,8 mill.

På inntektssida er det eit negativt avvik på kr 4 mill. Helse Fonna reknar med at nivået på dei polikliniske inntektene vil halde seg ut året medan ein på ISF-inntektene ikkje oppnår målsetjinga om 2 % kodeforbetring. Avviket på ISF-inntektene er pr. oktober på kr 12 mill dvs. 2,7 %. Midlane som kjem i omgrupperingsproposisjonen vil dekke noko av dette avviket. Det positive avviket på andre inntekter skuldast inntekter til lokalsjukehusprosjektet og inntekter frå sjølvbetalande pasientar.

På kostnadssida er det eit negativt avvik på kr 32 mill. Helse Fonna har hatt ei stor utfordring når det gjeld forbruk av variabel løn. Dei ekstraordinære tiltaka som vart sett i verk forrige månad har gitt ein liten positiv effekt. Imidlertid har grunnløna auka slik at den positive effekten totalt sett uteblir.

Varekostnader har eit overforbruk på kr 9,4 mill (7,1 %). Avviket ligg hovudsakeleg på medisinske forbruksvarer. Avviket er uendra i høve til september. Dette må sjåast i lys av at det er innført innkjøpsstopp.

Andre driftskostnader hittil i år har eit positivt avvik på kr 1,5 mill. Innbakt i dette ligg det eit positivt avvik på avskrivingar på kr 5,9 mill. På sjuketransport er det eit negativt avvik på kr 2,9 mill. Det er rekna at innkjøpsstoppen som er innført vil gje ein innsparingseffekt på kr 4 mill. Kor mykje av dette som reell innsparing og kva som er ei utsetjing i tid av kjøpa er det vanskeleg å seie noko om.

Helse Fonna legg opp til eit resultatavvik målt mot budsjett på kr 25,3 mill for året totalt. Samtidig gjer ein kontinuerleg analyser av drifta for å gjere tiltak som kan redusere budsjettavviket.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	20 984	21 049	-65	20 044	18 356	25 404	-7 048
Dagkirurgi/dagbeh.	10 483	10 337	146	9 896	11 514	12 534	-1 020
DRG-poeng	23 106	23 775	-669	22 150	28 320	28 777	-457
Pol. konsultasjonar	74 251	74 099	152	76 098	69 820	91 275	-21 455
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	57 124	65 437	-8 313	67 052	67 950	78 568	-10 618
Opphaldsdagar, dagpasientar	5 365	6 346	-981	6 345	6 600	7 700	-1 100
Pol. konsultasjonar	29 009	28 974	35	26 760	34 800	34 700	100

Produksjonstala viser no at Helse Fonna innan somatikk ikkje vil ha store avvik i forhold til behandlingsvolum mot slutten av året. Dette gjeld først og fremst talet på sjukehusopphald. Sjølv om talet på sjukehusopphald er innanfor planen, vil Helse Fonna likevel ikkje nå det målsette DRG-produksjonstalet. Dette er knytt opp mot manglande oppnåing av kravet om 2 % kodeforbetring.

Innan psykiatri er talet på opphaldsdøgn kraftig redusert både samanlikna med plan òg samanlikna med fjoråret (reduksjon på 12,7 %). Det same gjeld talet på opphaldsdagar for dagpasientar innan psykiatri. På den andre sida er det ein stor auke i talet på polikliniske konsultasjonar. Her er det ein auke samanlikna med 2004 på 8,4 %. Heile dette bildet er i følge Helse Fonna i samsvar med opptrappingsplanen for psykiatri.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	340 328	8,2 %	351 660	8,5 %	291 240	8,5 %	399 081	424 081	-25 000
ISF	1 307 595	31,4 %	1 308 493	31,7 %	681 290	19,8 %	1 604 029	1 584 029	20 000
Rammetilskot	2 334 015	56,1 %	2 317 236	56,1 %	2 298 788	66,9 %	2 795 247	2 780 247	15 000
Andre inntekter	179 606	4,3 %	149 925	3,6 %	166 852	4,9 %	189 938	179 938	10 000
Sum driftsinntekter	4 161 544	100,0 %	4 127 315	100,0 %	3 438 170	100 %	4 988 294	4 968 294	20 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	697 569	16,8 %	672 874	16,3 %	563 976	16,4 %	846 313	809 313	37 000
Løns- og personalkostnader	2 880 593	69,2 %	2 876 380	69,7 %	2 498 145	72,7 %	3 482 350	3 499 350	-17 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	644 198	15,5 %	609 211	14,8 %	612 116	17,8 %	754 040	734 040	20 000
Sum driftsutgifter	4 222 359	101,5 %	4 158 465	100,8 %	3 674 237	106,9 %	5 082 702	5 042 702	40 000
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-60 816	-1,5 %	-31 150	-0,8 %	-236 067	-6,9 %	-94 408	-74 408	-20 000
Netto finans	-11 010		-7 502		367		-9 002	-9 002	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-71 826		-38 652		-235 700	0	-103 410	-83 410	-20 000
- Meiravskrivning	181 371		181 371		181 371		219 000	219 000	0
Resultat	-253 197	0	-220 023	0	-417 071	0	-322 410	-302 410	-20 000

Helse Bergen har ved utgangen av oktober eit negativt resultatavvik på kr 33,2 mill. Dette er ei forverring på kr 12 mill samanlikna mot septemberrapporten.

Inntektene viser eit samla positivt avvik på kr 34,2 mill. ISF inntektene viser eit lite negativt avvik på 0,9 mill. Det er mindreinntekt på ISF men eit positivt avvik på implantatrefusjonar og inntekt frå gjestepasientar og sjølvbetalande pasientar. Dei polikliniske inntektene ligg kr 11,3 mill lågare enn budsjett. Dette heng delvis saman med halverte takstar lab/røntgen. Dette må sjåast mot eit positivt avvik på rammetilskot. Andre driftsinntekter viser eit positivt avvik på kr 29,7 mill. Dette skuldast mellom anna høgare inntekter knytt til auka sal av varer og tenester samt auka leigeinntekt. I tillegg ligg det inne inntekter som ikkje er budsjetterte, men som har ei motsvarande kostnadsside.

Kostnadssida viser eit negativt avvik på kr 63,9 mill. Det største avviket finn vi innafor varekostnad medikament som då hovudsakeleg er knytt til behandlingshjelpemidlar, implantatar samt høgare aktivitet enn budsjettert. Det er ein sterk vekst i dialyseaktiviteten. Dette gir stor auke i m.a. medikamentkostnadane, men i liten grad auka inntekt på grunn av låg refusjonssats. Noko av meirforbruket kan og knytast til endra pasientsamansetting og effekt av endra behandlingsregime. Det negative avviket på lønskostnad skuldast bruk av dyr arbeidskravt, spesielt ved ferieavvikling. På fastløn, pensjon og annan lønskostnad har ein positive avvik. Avviket på andre driftskostnader skuldast at ein ikkje har klart å innfri innspæringskrava i budsjettet.

Prognosen på resultat for året er no endra frå budsjettbalanse i førre rapportering til eit negativt budsjettavvik på kr 20 mill. Helse Bergen har i tidligare prognose føresett at berekna manglande kodeforbetring utgjer om lag 27 mill. Helse Bergen sin del av kompensasjon for manglande kodeforbetring (jfr. omtale under kap 2) vil utgjere om lag kr 16 mill. Dette gir eit forverra resultat på ca kr 10 mill. I tillegg har Helse Bergen i prognosen på inntekt lagt til grunn at halverte lab/røntgentakstar ikkje blir kompensert fullt ut i 2005. Dette utgjer om lag kr 10 mill.

2.4.2 Produksjon

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	53 171	53 329	-158	52 607	64 374	64 644	-270
Dagkirurgi/dagbeh.	32 709	30 924	1 785	27 806	39 339	37 301	2 038
DRG-poeng	68 820	69 155	-335	65 406	83 694	84 122	-428
Pol. konsultasjonar	237 073	222 338	14 735	222 338	284 488	270 380	14 108
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	108 807	100 878	7 929	112 540	131 083	121 959	9 124
Opphaldsdagar, dagpasientar	10 080	10 279	-199	10 229	11 620	12 401	-781
Pol. konsultasjonar	59 281	67 896	-8 615	41 747	75 800	83 203	-7 403

DRG produksjonen ligg ved utgangen av oktober 0,5 % lågare enn budsjett men 5,2 % over tilsvarande periode i fjor. Talet på sjukehusopphald ligg tett opp under budsjett medan dagkirurgi/dagbehandling ligg 5,8 % over planen. Den polikliniske aktiviteten innan somatikk ligg 6,6 % høgare enn planen.

Aktiviteten i vaksenpsykiatrien er også i oktober høgare enn planlagt. Dette gjeld både utskrivingar, døgnopphald og dagopphald, og ligg no hhv 6,9 %, 8,7 % og 5,6 % over planen. Dette er ei positiv utvikling når det gjeld utskrivingar og dagopphald, då det viser at fleire får behandling eller meir behandling. Den polikliniske aktiviteten for vaksne har teke seg opp i oktober men ligg framleis langt etter plantalet. Pr. oktober er det 18,8 % færre polikliniske konsultasjonar enn planlagt. Dette skuldast dels vakansar og dels at ein ikkje har fått til den sterke produktivitetsveksten som det vart lagt opp til i budsjettet.

Innan barne- og ungdomspsykiatri ligg ein og lågare enn planlagt når det gjeld utskrivingar, døgnopphald og dagopphald. Lågare tal på utskrivingar skuldast dels fleire pasientar med behov for langtidsbehandling og dels manglande kapasitet i barnevernet. Lågare aktivitet på døgnopphald skuldast vanskeleg problematikk hos svært utagerande pasientar som har ført til at alle plassar ikkje kan nyttast fullt ut. Avviket på dagopphald skuldast dels langvarig sjukemelding og at ressursane på dagpostane blir nytta fleksibelt og ambulant for å hjelpe pasientane i dei ordinære barnehagane.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragrapport pr.: OKTOBER 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	73 239	6,5 %	76 024	6,6 %	68 192	7,1 %	87 000	90 627	-3 627
ISF	335 908	29,6 %	354 029	30,9 %	184 728	19,2 %	414 207	422 492	-8 285
Rammetilskot	674 608	59,5 %	668 610	58,4 %	676 006	70,2 %	812 018	802 230	9 788
Andre inntekter	49 579	4,4 %	45 690	4,0 %	34 109	3,5 %	61 107	54 907	6 200
Sum driftsinntekter	1 133 335	100,0 %	1 144 352	100,0 %	963 035	100,0 %	1 374 332	1 370 256	4 076
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	152 596	13,5 %	150 965	13,2 %	193 544	20,1 %	184 000	183 081	919
Løns- og personalkostnader	791 580	69,8 %	756 463	66,1 %	640 403	66,5 %	960 234	936 933	23 301
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	212 363	18,7 %	212 030	18,5 %	162 143	16,8 %	262 994	261 341	1 653
Sum driftsutgifter	1 156 540	102,0 %	1 119 458	97,8 %	996 089	103,4 %	1 407 228	1 381 356	25 872
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-23 205	-2,0 %	24 894	2,2 %	-33 054	-3,4 %	-32 896	-11 100	-21 796
Netto finans	-1 731		-2 084		-646		-2 100	-2 500	400
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-24 936		22 810		-33 700	0	-34 996	-13 600	-21 396
- Meiravskrivning	56 667		56 667		56 667		68 000	68 000	0
Resultat	-81 603	0	-33 857	0	-90 367	0	-102 996	-81 600	-21 396

Helse Førde har pr. oktober eit negativt resultatavvik på kr 47,7 mill målt mot budsjett. I Helse Førde er resultatavviket samansett av manglande måloppnåing både på inntekts- og kostnadssida. ISF-inntektene er kr 18,1 mill lågare enn budsjettet, dvs. 5,1 %. Det er i dei tidlegare rapportane peika på at ortopediklinikken i Lærdal ikkje har den tilgangen på pasientar frå Helse Vest området som var føresett i budsjettet. I tillegg hevdar Helse Førde at dei har lite å henta på kodeforbetring i og med at ein gjennom fleire år har lagt ned eit stort arbeid for å få ein god kodekvalitet. Andre inntekter er kr 3,9 mill høgare enn budsjettet. Her er det inntekter frå gjestepasientar innan psykiatri som er forklaringa. Helse Førde reknar med å innfri budsjettmålet på dei polikliniske inntektene mot slutten av året.

På kostnadssida er det eit meirforbruk på kr 37,1 mill. Størst avvik har Helse Førde på lønsområdet. Her er det eit overforbruk på kr 35,1 mill. Utfordringa er i Helse Førde knytt til overtid og ekstrahjelp i tillegg til at ambulansedrift i eigen regi har gitt høgare lønskostnader enn budsjettet. Andre driftskostnader er tilnærma i balanse med budsjettet. I denne posten ligg det likevel eit negativt avvik på sjuketransport på kr 6 mill medan avskrivningane er kr 3,7 mill lågare enn budsjettet.

I prognosen har ein lagt til grunn ein mindreproduksjon på 442 DRG-poeng medan ein pr. oktober ligg 744 poeng bak målalet. Det er berre ortopediområdet som rapporterer negativt avvik på årsbasis. Samla legg Helse Førde i prognosen opp til ei mindreinntekt på kr 4 mill samanlikna mot budsjett. På kostnadssida reknar Hele Førde med eit avvik på kr 25,8 mill. Hovudårsaka ligg i eit meirforbruk på løn som er sett til kr 23 mill. Auka kostnader til sjuketransport er med og dreg opp overforbruket (sett til kr 6,5 mill i prognosen).

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	16 486	16 873	-387	16 873	20 286	20 286	0
Dagkirurgi/dagbeh.	6 433	5 718	715	5 718	7 700	7 028	672
DRG-poeng	17 969	18 713	-744	17 476	22 058	22 500	-442
Pol. konsultasjonar	79 728	78 222	1 506	81 058	96 829	94 829	2 000
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	28 055	25 314	2 741	26 730	33 160	30 460	2 700
Opphaldsdagar, dagpasientar	785	930	-145	921	725	1 080	-355
Pol. konsultasjonar	24 363	20 100	4 263	18 640	27 850	24 400	3 450

Helse Førde hadde samla pr. oktober ein produksjon som ligg 744 DRG-poeng bak målalet. Meir enn heile avviket kan førast tilbake til lågare produksjon innan ortopedifaget, der ein etter 10 månader ligg 835 poeng bak målalet. Poliklinisk aktivitet innan somatikk ligg 1506 konsultasjonar før målalet.

Innan psykiatri er både talet på opphaldsdøgn og polikliniske konsultasjonar høgare enn budsjettet. Helse Førde har ein vekst i høve til 2004 på opphaldsdøgn på 5 % . Det er innan vaksenpsykiatri vi ser denne veksten. Innan polikliniske konsultasjonar er veksten på heile 30,7 %. Veksten ligg så å seie utelukkande på barne- og ungdomspsykiatri.

2.6 Helse Vest IKT AS

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	226 165	100 %	215 088	100 %	258 106	258 106	0
Varekostnader	24 655	10,9 %	23 333	10,8 %	28 000	28 000	0
Løns- og personalkostnader	50 495	22,3 %	47 489	22,1 %	58 404	58 404	0
Andre driftskostnader	149 192	66,0 %	143 815	66,9 %	171 378	171 378	0
Sum driftsutgifter	224 342	99,2 %	214 637	99,8 %	257 782	257 782	0
Driftsresultat	1 823		451		324	324	0
Netto finans	381		0		0	0	0
Ekstraordinære postar							0
Resultat	2 204		451		324	324	0

Resultatet pr oktober viser eit positivt budsjettavvik på kr 1,8 mill. Det er i siste periode avdekka at bokførte kostnader knytt til IKT-aktivitetar ikkje var fullstendig. Gjennomgangen syner at det per oktober er betalt rekningar i størrelsesorden kr 15,9 mill som ikkje er dekkja opp gjennom rammetilskotet frå helseføretaka. Alle helseføretaka er varsla om ein gjennomgang av desse forholda og det er i denne rapporteringa tatt høgde for at kostnadane blir dekt inn gjennom auka inntekt frå helseføretaka. På personalkostnader ligg det eit negativt budsjettavvik på kr 3 mill. Dette skuldast høgare bemanning enn føresett i budsjett samt meir bruk av overtid. I tillegg er det gjort ein tilleggsavsetning på pensjonskostnad med kr 0,7 mill.

2.7 Apoteka Vest HF

Samandragsrapport pr.: OKTOBER 2005
REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	385 514	100 %	357 757	100 %	310 364		456 667	437 677	18 990
Varekostnader	311 378	80,8 %	281 714	78,7 %	248 556	80,1 %	366 646	344 646	22 000
Løns- og personalkostnader	58 763	15,2 %	59 269	16,6 %	48 032	15,5 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	16 534	4,3 %	17 366	4,9 %	12 538	4,0 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	386 674	100,3 %	358 349	100,2 %	309 126	99,6 %	459 927	437 927	22 000
Driftsresultat	-1 160		-592		1 238		-3 260	-250	-3 010
Netto finans	316		208		299		260	250	10
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	-844		-383		1 537		-3 000	0	-3 000

Resultatet pr. oktober viser eit negativt budsjettavvik på kr 0,5 mill. Det er apoteket i Stavanger og Bergen som har negative avvik på resultat. Apoteket i Haugesund og Førde har berre mindre avvik. Prognosen for året viser framleis eit negativt resultat på kr 3 mill. Denne bygger på ekstrapolering av utviklinga i varekostnaden pr. oktober. Prognosen bygger på eit konservativt anslag av utfallet knytt til den nye prisingsmodellen.

2.8 Kjøp av helsetenester

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	582 890	5,6 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	3 427 575	33,1 %	3 288 133	34,2 %	4 125 309	4 125 309	0
Rammetilskot	6 330 014	61,2 %	6 310 752	65,7 %	7 575 858	7 575 858	0
Andre inntekter	476	0,0 %	3 010	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	10 340 955	100,0 %	9 601 895	100,0 %	11 704 780	11 704 780	0
Varekostnader	10 092 661	97,6 %	9 311 410	97,0 %	11 356 163	11 356 163	0
Løns- og personalkostnader	279	0,0 %	856	0,0 %	1 318	1 318	0
Andre driftskostnader	204 161	2,0 %	220 759	2,3 %	264 843	264 843	0
Sum driftsutgifter	10 297 101	99,6 %	9 533 025	99,3 %	11 622 324	11 622 324	0
Driftsresultat	43 854		68 870		82 456	82 456	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	43 854		68 870		82 456	82 456	0

Helse Vest kjøp av helsetenester viser pr. oktober eit negativt resultatavvik på kr 25 mill. I dette avviket ligg det inne både positive og negative avvik på ulike kostnadspostar. Helse Vest har kompensert for fleire enkeltpostar til kjøp av helsetenester som ikkje var innarbeida i budsjettet. For Helse Førde gjeld dette fedmekirurgi, ortopediklinikken i Lærdal og tilskot til Florø. Det er vidare gitt kostnadsdekning til Helse Bergen for utanlandsbehandling utland, to kompetansesentra (vestibulære og gastroenterologiske sjukdomar) og gjestepasientar innan psykiatri. I tillegg er det kompensert for kostnad for ekstra psykolog og forsikring i Helse Fonna.

Innan gjestepasientar somatikk/psykiatri er det eit samla positivt avvik på kr 29 mill som skuldast auka behandling av pasientar frå andre regionar. Det er ein auke i pasientstraumane ut av regionen og denne auken kjem hos private sjukehus og avtalespesialistar. Kostnaden ved å sende pasientane til desse er i gjennomsnitt lågare enn DRG-refusjonen ein får frå staten (grunna den høge ISF-refusjonsgraden). Samtidig er det ein høg vekst på kjøp av gjesteplassar innan rusområdet. Dette utgjør eit negativt avvik på kr 21 mill. I tillegg er det mindre avvik på andre postar som til saman utgjør eit negativt avvik på kr 2 mill.

Helse Vest har budsjettert med ein reserve som for året utgjør kr 126 mill. Reserven vil måtte løysast opp ved utgangen av året, og det positive resultatavviket som følgjer av dette vil vere med å dekke opp dei andre budsjettavvika, samt dekke opp for delar av manglande resultatoppnåing i helseføretaka.

2.9 Helse Vest administrasjon

REGNSKAPSDATA


	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	35	0	35	0	0	0
Varekostnader	2 907	0	2 907	0	0	0
Løns- og personalkostnader	18 475	21 065	-2 590	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	21 477	32 500	-11 023	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	42 859	53 565	-10 706	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-42 824	-53 565	10 741	-65 116	-65 116	0
Netto finans	4 455	0	4 455	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-38 369	-53 565	15 196	-65 116	-65 116	0

Administrasjonen i Helse Vest har eit positivt avvik pr. september på til saman kr 15,2 mill. Avviket på løns- og personalkostnader heng saman med vakansar delar av året og kostnader i samband med nasjonalt leiarprogram som det ikkje er avsett for, men der rekninga vil koma på slutten av året.

Det positive avviket på andre driftskostnader kan i hovudsak knytast til positivt avvik på kjøp av konsulenttenester. Nokre prosjekt har fått ein seinare oppstart enn føresett i budsjettet og som dermed får lågare kostnad i 2005 enn budsjettet. Det er òg eit par mindre prosjekt som blir overført til neste år pga. manglande intern kapasitet til å handtere desse.

3 LIKVIDITET

Helse Vest har som følgje av underskota tidlegare år samt betaling av KLP reguleringspremiar opparbeida seg negativ likviditet. I grafen under er likviditetsutviklinga fram til utgangen av november 2005 vist.



Helse Vest har ei trekkramme på konsernkonto på kr 1,3 mrd. Likviditetssituasjonen er derfor avklare fram til byrjinga av 2006. I forbindelse med budsjettarbeidet for 2006 vil administrasjonen kome tilbake med periodisert likviditetsbudsjett for 2006 når budsjettet for 2006 skal fastsetast.

4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR



Helseføretaka har fram til og med september rapportert utviklinga i månadsverk og sjukefråvær manuelt. Helseføretaka har jobba med å kvalitetssikre tala i lønnskuben som ligg i rapporteringssystemet til konsernet. Frå og med denne rapporteringa vil Helse Vest ta i bruk tala som ligg i lønnskuben. Dette inneber at dei historiske tala vil kunne avvike frå tidlegare rapporteringar. Samtidig vil ein no ha ein større sikkerheit for at tala er rette og ikkje minst at dei er basert på dei same definisjonar på kvart enkelt helseføretak.

4.1 Totalt sjukefråvær



Det er framleis viktig å forsette arbeidet med å redusere sjukefråværet i helseføretaka. Det er verd å leggja merke til endringa i sjukefråværet ved Helse Bergen og Helse Stavanger over tid. Desse to helseføretaka vil, dersom dei fortset den gode utviklinga også i 2006, kunne samanlikna seg med andre bedrifter utanfor helsesektoren, noko som er eit overordna og langsiktig mål. For heile helseføretaksgruppa er reduksjonen frå utgangen av 2003 til oktober 2005 god.


4.2 Helse Stavanger



Tala på netto månadsverk har dei siste 2 månadane falt og ligg no på eit lågare nivå enn tidlegare i år. Netto månadsverk pr. oktober utgjer no 4507 og dette er 191 månadsverk lågare enn i fjor. Den samla reduksjonen i månadsverk samanlikna mot januar 2004 er på 185 månadsverk.

Sjukefråværet har det meste av året vore lågare enn tilsvarende periode i fjor, med unntak av dei siste 3 månadane. Pr. oktober er sjukefråværet 5,9 % mens tilsvarende tal i 2004 var 5,2 %.


4.3 Helse Fonna



Talet på netto månadsverk har vore relativt stabilt gjennom året og det er berre mindre endringar samanlikna med fjoråret. Netto månadsverk utgjer pr. oktober 2365 som er litt i overkant av talet i fjor (2360) og 13 månadsverk lågare enn januar 2004. Helse Fonna har ei utfordring med bruk av overtid og ekstrasjelp og dette er noko av forklaringa til at ein ikkje ser ein reduksjon i talet på månadsverk.

Sjukefråværet har vore noko variabel gjennom året, men har likevel vore lågare enn tilsvarende periodar i fjor med unntak av oktober. Sjukefråværet i oktober er på 7,4 % medan tilsvarende tal i fjor var 5,9 %.



4.4 Helse Bergen



Utviklinga i netto månadsverk har gjennom året vore relativt stabil men viser i oktober ein vekst. Tala på månadsverk er i oktober 7254.

Sjukefråværet i Helse Bergen har gjennom året hatt ein positiv utvikling. Sjukefråværet har og blitt redusert samanlikna mot tilsvarende periodar i fjor. Ved utgangen av oktober er sjukefråværet 6,5 % medan tilsvarende tal i 2004 var 8,2 %.

4.5 Helse Førde



Helse Førde har hatt ei relativt stabil utvikling i talet på netto månadsverk og ligg no ved utgangen av oktober på 1986 månadsverk. I april overtok Helse Førde ansvaret for drift av ambulansen og overtok samtidig personalansvaret for 125 månadsverk. to

Sjukefråværet er relativt høgt og har gjennom året vore over fjorårets tal. Det har likevel vært ein svak nedgang dei siste månadene og sjukefråværet utgjør no 6,1 % medan tilsvarende tal i fjor var 6,9%.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 31. oktober -05 til etterretning.